

Gloppen hjorteutval – 05.03.2024





Program

1. Gjennomgang av jakta

- Valda sine inntrykk og tankar
- Jaktstatistikk og sett hjort
- Bestandsutvikling – kart

2. Bestandsplanar

3. Nytt beiteprosjekt

4. Vårteljing

5. Rekneskap viltfond

6. Anna

- Anna frå salen?







Valda sine inntrykk og tankar om:

- *Jaktsesongen 2023*
- *Fri kalv*
- *Kontroll av kjevar (internt)*

~ Runde rundt bordet ~




Tildelt og felt hjort i Gloppen kommune



Kjønns- og aldersfordeling



Aldersfordeling av felte dyr




Kalv: 31,4 %

Fjorkolle: 16,2 %
Beinhonnel: 17,0 %
(fjordyr: 33,2 %)

Eldre kolle: 18,5 %
Eldre bukk: 16,9 %
(eldre dyr: 35,4%)


Kjønnsfordeling i uttak

Kjønnsfordeling
Hann: 49,1 %
Ho: 50,9 %




Slaktevekte

Snittvekt 2008-2023




Aukande trend på eldre bukk.
Minkande trend på fjordyr og kalv.
Stabil trend på kolle.

79 % av dei felte dyra vart levert med vekt i 2023.



Sett og felt hjort

Sett hjort per jegerdag




Sett hjort per jegerdag totalt (blå) var høgare i 2023 enn åra før. Same trend på innmark og utmark.


Felt hjort per jegerdag er høgare enn den har vore tidlegare.

Nå vert 91 % av dei felte dyra registrert som felt hjort i hjorteviltregisteret. Veldig bra!!


Innsats (tal jegerdagar)




Felt hjort per jegerdag



% felte dyr registrert i HVR av felte dyr i fellingsrapport



Bestandsutvikling



Sett kolle per bukk: 1,05 (1,31 i utmark).

Sett kalv per kolle: 0,61

Sett beinhonnel per bukk: 0,32


Felt av sett bukk: 12,0 %

Felt av sett kolle: 11,6 %

Felt av sett kalv: 17,1 %

95 % av jaktfelte leverte sett hjort i 2023, og 91 % av dei felte dyra vart registrert som felt hjort i HVR.


Felt / Sett




Gloppen valdkart


 Valdgrenser


Sett hjort per jegerdag


 Ikkje registrert


 0,0 - 0,5


 0,5 - 1,0

 1,0 - 2,0


 2,0 - 4,0

 4,0 - 6,0

 6,0 - 8,0

 8 og over

Tal jegerdagar

 Ikkje registrert

 1 - 15


 15 - 50

 50 - 100

 100 - 150

 150 - 300


 300 eller meir



Gloppen valdkart

 Valdgrenser

Sett kolle per bukk

 Ikkje registrert

 0.00 - 1.00

 1.00 - 1.50

 1.50 - 2.00

 2.00 - 3.00


 3.00 - 4.00

 4.00 - 5.00

 5.00 og over

Tal jegerdagar

 Ikkje registrert

 1 - 15


 15 - 50

 50 - 100

 100 - 150

 150 - 300

 300 eller meir



2. Bestandsplanar – krav og ønskjer



Forskriftmessige krav:

§ 15 KRAV TIL BESTANDSPLAN FOR HJORT

- Bestandsplanen skal innehalde mål for bestandsutviklinga, i samsvar med kommunens mål.
- Bestandsplanen skal og innehalde ein plan for den årlege avskytinga i tal dyr, **som eit minimum fordelt på kategoriane: Kalv, vaksne hodyr, vaksne hanndyr, samt spissbukk for hjort.**
- Frist for å søke kommunen: 1. mai. Søknaden skal underskrivast av bestandsplanområdets representant.
- Fråvik frå minstearealet (§ 7) kan og nyttast av vald med godkjent plan, avgrensa til kvar planperiode.

Overordna forvaltningsplan – krav og ønskjer:

- Sikre høgt nok uttak av tal dyr og rett uttak av unge dyr og produksjonsdyr. Tilpasse løyvingar etter tilgjengeleg kunnskap om bestandsutvikling.
- Kjønnbalansert uttak av vaksne dyr (1,5 år og eldre), gjerne med ein liten overvekt av koller. *Grunngje i planen ved fråvik.*
- Ta ut eit overskot av koller i enkelte områder der tettleiken er størst.
- Avgrense uttak av storbukk og ha fokus på uttak av små og/eller unge dyr.
- Kalveuttaket bør vere på 30 % eller meir. *Grunngje i planen ved fråvik.*
- Bør ha maks. 35 % eldre dyr i avskytinga. *Grunngje i planen ved fråvik. (Ta vekk dette om de går for ei kollegruppe med avgrensingane under.)*
- Kolle kan samlast i ei gruppe - redusere vegring for å skyte fjorkolle. *(Maksfordeling på hanndyrkategoriar. Prioriter små og unge dyr i uttaket.)*
- Vald med plan kan flytte inntil 20 % av tildelte løyve frå eitt år til eitt anna. **Valdet bestemmer sjølv korleis løyve fordelast mellom år internt.**
- Valda skal involvere bøndene som driv aktivt og ta omsyn til landbruksinteressene ved utarbeiding av sine planar. Planane kan gjerne synleggjere områder med stort press.
- Forvaltningsplanane skal synleggjere korleis storvaldet legg til rette for å få til høg fellingsprosent, samt uttak av skadedyr under ordinær jakt.
- I område med mykje skade skal ein stor del av dyra takast på innmark.
- Storvaldet skal gje ekstra løyve til jaktfelt som fyller kvoten og følgjer avskytingsplanen, so lenge valdet har tilgjengelege løyve.
- Storvald med mykje påkøyrslar bør gje ekstra løyve til jaktfelt i utsette område.
- Oppmode valda til å innføre skrapdyrordning som eit punkt i forvaltningsplanen. *Hjorteutvalet kan kome med forslag til vektgrenser.*
- Alle jaktfelt som driver jakt skal registrere sett og felt hjort i hjorteviltregisteret. Oppmode om registrering av nøyaktige vektorer (ikkje anslått).

3. Nytt beiteprosjekt

Gloppen kommune er med i eit prosjekt som skal utarbeide metodikk for å dokumentere beitepress på innmark, på ein enkel måte. Prosjektet er leia av Norsk Hjortesenter og vi ønskjer å kartlegge hjortebeiting i større skala ved å plassere ut beitebur på innmark på ulike stadar, frå overvintringsområde til stadar hjorten held seg om sommaren.



Det vert arrangert møte fire stader i dei samarbeidande kommunane i Sunnfjord og Nordfjord:

- Stårheim, Grendahuset Fram 4. mars, kl 20:00 - 21:00
- Byrkjelo, Breidarheim, måndag 11. mars kl 20:00 - 22:00
- Naustdal kyrkjelydshus onsdag 13. mars kl 20:00 - 22:00
- Dale Torsdag 14. mars, i kommunestyresalen på Rådhuset, kl 20:00 - 21:00

Vi ønskjer bønder til å delta i denne undersøkinga og ønskjer å dekke stadar med høgt, middels og lågt beitetrykk frå hjort. Bura må stå på fulldyrka jord, helst eng som er fornya siste 5 år. Bura (om lag 3,4 meter x 3,4 meter) skal plasserast ut straks etter påske og stå fram til 1. slått, eventuelt lenger etter avtale.

Eit invitasjonsbrev har blitt sendt til mjølkebønder, valdleiarar, bondelag og andre.

Jaktstatistikk for årsleveområda i bestandsplanområda

På møtet i Naustdal og på Byrkjelo vert det i tillegg lagt opp til informasjon om og drøfting av hjorteforvaltninga, med hovudvekt på fellingsresultat for 2023 oppimot godkjende/vedtekne bestandsplanar og kommunale mål (høvesvis for områda Naustdal-Florø-sørleg Bremanger-Hyen for møte i Naustdal og Gloppefjorden-Breim-Vikane-Indre Jølster for møte på Byrkjelo). Dette vert i etterkant av informasjon om prosjektet.

4. Vårteljing



OM GJENNOMFØRING AV TELJINGA:

- Det gjerast to teljingar, i to påfølgjande helgar i perioden mellom dei siste to helgane i april og fyste to helgane i mai.
- Same arealet teljast kvar gong.
- Teljinga er lettaste å gjennomføre når to stk. samarbeider i bilen, ein lyser med tusenmeters lykt og tel dyra (ved hjelp av kikkert), den andre noterar på skjema.
- Erfaringar viser at det vil vere flest dyr på bøane i tidsrommet 02.00-04.00, men dette vil sjølvsagt variere med vêrtilhøve, trafikk osv.
- Noter klokkeslett for teljinga på skjemaet.
- Ein bør ta seg god tid under teljinga slik at observasjonane blir så sikre som mogleg, men ein skal ikkje gje seg til å vente på at hjorten kjem fram på bøane.
- Pass og på å lyse godt i skogkantane rundt bøen.
- Dersom ein ikkje klarar å identifisere alder og kjønn på dyr som ein observerar fører ein dei i rubrikken "ukjent" på skjemaet.
- Noter eventuelle observasjonar av merkt hjort. Noter nummer, farge på klave og farge på øyremerke.

~ Kva med bruk av termisk? ~

5. Rekneskap viltfond



Viltfond - rekneskap for 2023	Pengar inn	Pengar ut	Forskjell	Fordeling av reelle utgifter
På fond 01.01.2023	754 922,42			
Renter 2023	28 850,62			
Fellingsavgift og jakt ettersøk for 2022	255 572,70			
Jaktettersøk - til ettersøksringen		73 314,00		
Offentleg ettersøk (lønn, godtgjersle, vakttelefon, anna)		77 694,04		35 %
Tilbakeføring frå viltfond for 2022		70 064,00		31 %
Utbetaling av tilskot		70 540,00		31 %
Anna (kostnad for møter osv)		6 000,00		3 %
Mva (ut og inn)	303,70	303,70		
Sum	284 423,32	297 915,74	-13 492,42	224 298,04
<i>Merkeprosjekt (forseinka, ikkje utbetalt i 2023)</i>		<i>70 000,00</i>		
På fond 01.01.2024	741 430,00			
Resultat 2022	316 953,28	325 007,44	-8 054,16	

YMSE



- Anna frå salen?

Takk for i dag!

